



Dykkar ref.:

Vår ref.:

20/1345 - 3 / CHRAND

Dato:

22.02.2021

## Endring av forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr - høyringsbrev

### Overordna mål

Kommunen ønsker å gjere endring på *Forskrift av 20 november 2006 nr. 1742 om vass- og avløpsgebyr, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal*. Hovudtanken med endringa er å syte for ei betre systematisering i denne. Mange av føresegnene i gjeldande forskrift er lange og tunge å få oversikt over, og enkelte pragrafer regulerer fleire tilhøve i ein og same føresegn. Forslaget tek sikte på å dele opp føresegnene i fleire føresegner og fleire kapitlar slik at det blir lettare å orientere seg i forskrifta. Enkelte føresegner ligg i dag også noko «gjemt», dette gjeld spesielt reglane om fritak frå årsgebyr og reglane som syner til retten på prisavslag og erstatning mv. etter reglane i kjøpslova, forbrukarkjøpslova og produktansvarslova ved mangelfull vassleveranse. Det same gjeld også reglar om erstatning etter forureiningslova ved feil på avløpet. Desse ønsker vi å få betre fram. Endringa gjer at vi vel å treffe ei ny forskrift. Dette fordi vi legg om systemet heilt og at vi innfører nokre nye reglar.

### Struktur i den nye forskrifta

Hovudstrukturen i ny forskrift vil sjå slik ut:

**Kapittel 1. Generelle føresegner.** Kapitlet gir dei innleiande føresegnene med tilvising til overordna heimelsgrunnlag og føresegner om formål med forskrifta, verkeområde og definisjonar m.m.

**Kapittel 2. Eingongsgebyr for tilknytning.** Dette kapitlet skal samle alle reglane knytt til tilknytingsgebyret, til dømes føresegner om gebyrplikt, utfoming på gebyret og ansvar for gebyret.

**Kapittel 3. Årsgebyr.** Kapitlet skal samle alle reglane knytt til årsgebyret. Som for tilknytingsgebyret vil det til dømes vere reglar om gebyrplikt, utfoming på gebyret og ansvaret for gebyret.

**Kapittel 4. Vassmålar.** Dette kapitlet samlar alle reglane om vassmålar, som til dømes installasjon, eigartilhøve, avlesing, tilsyn og kontroll og avrekning ved feilmåling.

**Kapittel 5. Reduksjon, retting av gebyrberekning og fritak frå årsgebyr.** Kapitlet skal samle reglane som syner til retten på prisavslag, erstatning m.m ved mangelfull vassleveranse og feil ved avløpet, retten på retting av feil ved gebyrberekning og regelen som opnar opp for fritak på årsgebyr.



**Kapittel 6. Avsluttande føresegner.** Dette kapittelet inneheld reglar om vedtakskompetanse etter forskrifta, reglar om klage, innkreving av gebyr og iverksetting av forskrifta.

#### Konkrete endringar

Ved sidan av at systematikken i den nye forskrifta blir annleis, vil dei viktigaste endringane vere:

- Tydlegare reglar for når kommunen kan krevje ekstra i tilknytingsgebyr, sjå § 2-1 og kommentarane til denne i pkt. 3.2.1 i høyringsnotatet.
- Utforminga på tilknytingsgebyret og årsgebyret blir endra. Endringa vil innebere at det kan gebyrleggast for kvar bueining når det kjem til bustadeigedom og kvart bygg for annan type eigedom, til dømes næringsverksemd. Vi foreslår såleis å gå bort ifrå gebyrlegging per eigedom. Sjå forslag til nye føresegner i §§ 2-2 og 3-4 og kommentarane til desse i pkt. 3.2.2 og 4.2.4. Grunngevinga for denne løysinga kan det lesast om i pkt. 3.1.1 og 4.1.1 i høyringsnotatet.
- Moglegheit for kommunen til å differensiere gebyrsats for tilknytingsgebyret og årsgebyret i høve til om det har vore bidratt til å opparbeide kommunalt vass- og avløpsanlegg, i høve til om det er ulik kostnad ved levering av vass- og avløpsstenester til ulike bustadkategoriar, og i høve til om det er ekstra kostnadar knytt til drift og vedlikehald av kommunalt vass- og avløpsanlegg ein plass i kommunen kontra ein annan plass. Sjå føresegnene i §§ 2-2a og 3-4 og merknadane til desse i pkt. 3.2.3 og 4.2.4.
- Forslaget legg opp til at det skal installerast vassmålar i alle bygg, nye som gamle. Vassmålararen skal gi grunnlag for måling av forbruksgebyret. Sjå om dette i § 3-7 og merknadane til førsegna i pkt. 4.2.7 i høyringsnotatet.
- Ny generell regel om retting av gebyrberekning. Denne kodifiserer kva som har vore praktisert i kommunen. Sjå § 5-3 og merknad til førsegna i høyringsnotatet.
- Kodifisering av praksisen til kommunen ved fritak for årsgebyr. Sjå § 5-4 og merknadane til førsegna i pkt. 6.2.4 i høyringsnotatet.

Vi vil samstundes spørje høyringspartane, spesielt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, om synspunkt kring målereglane for årsgebyret for annan eigedom enn bustadeigedom. Spørsmålet er om desse reglane ved stippulert forbruk kan vere tilsvarende like som for bustadeigedom? sjå pkt. 4.1.2, 4.1.3 og 4.1.4 i høyringsnotatet.

#### Administrative og økonomiske konsekvensar

Gebyrforskriftene fastsett rammene for kva ein kan krevje inn i vass- og avløpsgebyr. Målet er at regelverket skal gi mest mogleg rettferdig fordeling av kostnadane mellom abonnentane. Eventuelle overskot, eller underskot i høve budsjetterte gebyrinntekter vil bli saldert mot sjølvkostfond.

Det er ikkje venta at gebyra vil endre seg vesentleg som følgje av ny forskrift. Det som kan påverke gebyrinntektene mest, er betaling etter målt forbruk. Elles vil endringa frå gebyr per eigedom til per bueining eller bygning, kunne gi noko høgare inntekter det første året. Også ulike størrelsar på fastleddet (abonnementsgebyret) avhengig av kategori eigedom (bustad, fritidseigedom osv) kan påverke inntektene.

Forslaget til ny forskrift gir moglegheit for kommunen til å sette meir differensierte satsar på enkelte område. I forlenging av dette kan det vere behov for å sjå nærare på gjennomføring av slike satsar. Nye satsar kan ikkje settast før dei kan dokumenterast gjennom ei sjølvkostkalkyle.



I høyringsnotatet har det vore trekt fram forslag om å utarbeide ei «billigheitserstating» som kan fungere som prisavslag ved mangelfull vassleveranse, sjå pkt. 6.1.1.1 i høyringsnotatet, og om dette bør innarbeidast i sanitærabonnementet (avtalen mellom kommunen og abonnent). Det same har vore trekt fram i høve til kva som skal utgjere ein «uhøveleg stor kostnad» ved montering av vassmålar, slik at kommunen kan godkjenne ei anna løysing. Som eit resultat av dette kan det vere grunn for kommunen å gå gjennom gjeldande sanitærreglar.

Fristen for å komme med merknadar og kor dei kan sendast

Høyringsgrunnlaget vil ved sidan av å bli sendt ut til konkrete høyringspartar, bli lagt ut på kommunen sin heimeside med varsel både i lokal avis og heimesida om forskriftsendring og retten for også andre til å komme med meknadar.

Det blir gitt ein frist til **innan...** å komme med meknadar.

Merknadane kan sendast til **Rådhuset, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven** eller [postmottak@sykkylven.kommune.no](mailto:postmottak@sykkylven.kommune.no).

Med helsing

Bjarte Hovland  
einingsleiar

Christoffer Andersen  
saksbehandlar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*